



Forvaltningsplan for hjortevilt i Gjesdal kommune

Forvaltningsmål for elg, hjort og rådyr

Planperiode 2026 - 2030



Utarbeidet av Norsk hjortesenter

05.04.2026



Gjesdal
kommune
Bedre sammen

Vedtatt av kommunestyret

15.06.2026

Samandrag

Forvaltningsmål for hjortevilt i Gjesdal er kommunen sitt måldokument og retningslinjer for hjorteviltforvaltninga framover, unnateke villrein som er lagd til regional forvaltning.

Dokumentet byggjer på vurderingar av korleis bestandsutviklinga har vore ut frå tilgjengelege data, og korleis ein ønskjer at ho skal utvikle seg vidare.

Hjorteviltet er ein viktig utmarksressurs i kommunen. Bestandane skal forvaltast slik at det sikrar grunnlaget for ei langsiktig og stabil hausting av hjorteviltet som ressurs for jakt, naturopplevingar, matproduksjon og næringsutvikling, utan at konfliktnivået opp mot næringsinteresser og andre samfunnsinteresser blir for stort. Forvaltninga skal òg sikre bestandar med sunne og friske dyr i god kondisjon, med utgangspunkt i dyra sin eigenverdi.

Gjesdal kommune skal, jf. kapittel 6:

- Ha ei grunneigarstyrt og kunnskapsbasert forvaltning.
- Arbeide for meir samarbeid om forvaltninga gjennom bestandsplanar.
- Stabilisere storleiken på vinterbestanden på eit langt lågare nivå enn tidlegare
- Auke slaktevektene og betre kondisjonen hjå dyra i bestanden.
- Betre kjønnsstrukturen med meir vaksne hanndyr i hjortebestanden.
- Auke gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra i bestanden. Kalv og ungdyr skal utgjere ein stor del av det samla jaktuttaket.



Foto: Jon Anders Stavang©.

Forsidebilde: Johan Trygve Solheim

Innhold

.....	0
Forvaltningsplan for hjortevilt i Gjesdal kommune	0
Samandrag.....	1
1 Føremål - bakgrunn for utarbeiding av forvaltningsmål.....	3
1.1 Lov om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven)	4
1.2 Lov om forvaltning av naturens mangfold - Naturmangfaldlova	4
1.3 Lov om dyrevelferd - Dyrevelferdslova	5
1.4 Lov om skogbruk - Skogbrukslova	5
1.6 Forskrift om forvaltning av hjortevilt - Hjorteviltforskrifta	5
1.5 Nasjonal strategi for forvaltning av hjortevilt	7
2 Økosystemperspektiv, bestandsstruktur og vektutvikling	8
2.1 Økosystemperspektiv i forvaltninga.....	8
2.2 Resultat frå overvakingsprogrammet for hjort.....	9
2.2 Årsaker til reduksjon av vekt og kondisjon.....	11
3 Fordeler og ulemper med hjortevilt	13
3.1 Verdiskaping i landbruket.....	13
3.2 Skader på jordbruksareal, påkøyningar, drikkevasskjelder m.v.	14
3.1 Beiteskadar på jordbruksareal.....	14
3.2 Beiteskadar på skog	14
3.3 Skadar i hagar m.v.....	15
3.4 Påkøyningar	15
3.5 Drikkevasskjelder.....	17
4 Bestandsutvikling og status	19
4.1 Fellingsstatistikk.....	19
4.2 Sett elg/hjort registreringar	26
4.3 Slaktevekter kalvar og ungdyr	30
4.4. Samandrag bestandsutvikling og status	31
5 Organisering, valdstruktur og områdebruk.....	33
5.1 Dagens valdstruktur og organisering.....	33
6 Forvaltningsmål og tiltak i planperioden.....	35
6.1 Hovudmål.....	35
6.2 Delmål og tiltak	35

1 Føremål - bakgrunn for utarbeiding av forvaltningsmål

Det er fleire lover, tilhøyrande forskrifter og den nasjonale strategien for forvaltning av hjortevilt som legg rammer og føringar for forvaltninga av hjortevilt.

Dagens hjorteviltbestandar er store og viktige ressursar, både som grunnlag for rekreasjon gjennom jakt og andre naturopplevingar, og som kjelde til kjøtproduksjon. Desse ressursane gir mange stader, og etter kvart i aukande grad, grunnlag for næringsmessig utnytting. Mange jegerar og grunneigarar ønskjer difor å ha tette hjorteviltbestandar.

Hjorteviltet påverkar òg andre næringsinteresser som jordbruk, skogbruk og hagebruk, der beiteskadar kan føre til store økonomiske tap. Skadar i private hagar og på gravplassar, parkar og liknande kan òg vere eit problem enkelte stader. Når det gjeld samferdsel, er kollisjonar mellom køyretøy, jernbane og hjortevilt mange stader ei stor utfordring. Dette kan i verste fall føre til alvorlege personskadar og tap av menneskeliv. I tillegg kjem lidingar for skadde dyr og store økonomiske kostnader knytte til skadar på køyretøy, helsevesen, ettersøk og avliving. I takt med aukande bestandstettleik har vekta og kondisjonen hjå dyra gått ned. Det har gitt mindre robuste bestandar, mindre stabil reproduksjon og dårlegare vinteroverleving for kalvane. Omsynet til etikk og dyrevelferd gjer denne utviklinga særleg uheldig.

Store konsentrasjonar av hjortevilt påverkar òg vegetasjonen i vesentleg grad, noko som igjen kan ha betydning for naturmangfaldet. Dette gjeld både vegetasjonen i seg sjølv og endra livsmiljø og levekår for andre viltartar og organismar. Forsking syner at effektane av hjorteviltbeiting kan vere både positive og negative, avhengig av kva forvaltningsmål ein har for det biologiske mangfaldet. Til dels hard beiting av hjort kan vere positivt for mangfaldet, sjølv om det kan gå hardt ut over einskilde artar, særleg buskar og tre.

Hjorteviltbestandane skal òg forvaltast med omsyn til dyrevelferd og dyra sin eigenverdi.

Kommunen har såleis ansvar for å ta omsyn til ei rekkje interesser når han gjennom det kommunale målet skal leggje føringar for hjorteviltforvaltninga. Dei kommunale måla bør vere så konkrete som mogleg og kunne etterprøvast.

1.1 Lov om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven)

Viltressurslova gir regelverket for det meste som gjeld utøving av jakt, fangst og forvaltning av vilt. Noko er heimla direkte i lova, medan anna er regulert gjennom ei rekkje forskrifter til lova, mellom anna forskrift om forvaltning av hjortevilt, som særskilt gjeld forvaltninga av hjortevilt.

Føremålsparagrafen i Viltlova seier:

1.1.1 § 1. Formål

Lovens formål er å sikre at forvaltning av viltressursene gjennom jakt, fangst, felling og annen håndtering av vilt skjer på en bærekraftig og forsvarlig måte, i samsvar med [naturmangfoldloven](#) og [dyrevelferdsloven](#).

1.2 Lov om forvaltning av naturens mangfold - Naturmangfoldlova

Naturmangfoldlova er ei overordna lov for arts- og arealforvaltning. Ho gir ikkje konkrete reglar for jakt, fangst og viltforvaltning, bortsett frå det som vanlegvis blir kalla skadefellingsløyve. Dette gjeld uttak av vilt utanom reglane for vanleg jakt og fangst for å avverje skade på ulike interesser. Dette er heimla i § 17 om generelle reglar for anna uttak av vilt og lakse- og innlandsfisk, og i § 18 om anna uttak etter vurdering frå styresmaktene. Prinsippa i naturmangfoldlova skal likevel leggjast til grunn ved all forvaltning, både av areal og einskildartar. Lova stiller òg krav til kunnskapsgrunnlaget for offentlege vedtak, noko som gjeld både fastsetjing av det kommunale målet, tildeling av fellingsløyve og godkjenning av bestandsplanar.

Når det gjeld ivaretaking av økologiske prosessar (§ 1), kan skeiv kjønnsbalanse og få vaksne hanndyr, slik ein ser mange stader, vere i konflikt med dette. Tilstrekkeleg mange vaksne hanndyr til at det blir reell konkurranse mellom vaksne bukkar om å pare kollene, har viktige funksjonar for brunst og reproduksjon. For få slike dyr blir rekna som ein medverkande årsak til den negative utviklinga i vekt og kondisjon i bestandane. Hanndyra er ikkje ferdig utvikla kroppslig før dei er om lag seks år gamle. Resultat frå overvåkingsprogrammet (pkt. 3.1.3) syner at gjennomsnittsalderen til bukkane er låg, og at det er særst få hanndyr over seks år.

1.2.1 § 1. Lovens formål

«Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.»

1.2.2 § 5. Forvaltningsmål for arter

«Målet er at artene og deres genetiske mangfold ivaretas på lang sikt og at artene forekommer i levedyktige bestander i sine naturlige utbredelsesområder. Så langt det er nødvendig for å nå dette målet ivaretas også artenes økologiske funksjonsområder og de øvrige økologiske betingelsene som de er avhengige av.»

Forvaltningsmålet etter første ledd gjelder ikke for fremmede organismer.

Det genetiske mangfold innenfor domestiserte arter skal forvaltes slik at det bidrar til å sikre ressursgrunnlaget for fremtiden.»

1.2.3 § 8. Kunnskapsgrunnlaget

«Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.»

1.3 Lov om dyrevelferd - Dyrevelferdslova

Dyrevelferdslova gir reglar om respekt for og handsaming av dyr, både viltlevande og tamme dyr, og gjeld såleis òg for forvaltning og jakt på hjort. Utviklinga i hjortebestandane mange stader på Vestlandet, med minkande kroppsvektar og dårlegare kondisjon hjå dyra, kan i til dømes snørike vintrar føre til høg dødelegheit. Ei slik utvikling kan vere i konflikt med dyrevelferdslova.

1.3.1 § 1. Formål

Formålet med loven er å fremme god dyrevelferd og respekt for dyr.

1.3.2 § 3. Generelt om behandling av dyr

Dyr har egenverdi uavhengig av den nytteverdien de måtte ha for mennesker. Dyr skal behandles godt og beskyttes mot fare for unødige påkjenningar og belastningar.

1.4 Lov om skogbruk - Skogbrukslova

Også skogbrukslova har reglar som kan leggje føringar for forvaltninga av hjortevilt dersom bestandane fører til store skadar på skog, jf. lova § 9:

1.4.1 § 9. Førebyggjande tiltak

Når det er fare for at større skogområde kan bli skadd av insekt- eller soppangrep skal kommunen setje i verk dei førebyggjande tiltak som er nødvendige. Dette kan mellom anna vere pålegg til skogeigarar. Dette gjeld også for skog og tre i område som er utanfor virkefeltet i § 2. Departementet kan fastsetje nærare forskrifter om slike tiltak, og korleis utgiftene skal dekkjast. Kommunen sine kostnader i denne samanhengen er tvangsgrunnlag for utlegg.

Der beiting av hjortevilt fører til vesentlege skadar på skog som er under forynging, eller der beitinga er ei vesentleg hindring for å overhalde plikta til å forynge skog etter § 6 i denne lova, skal kommunen som viltorgan vurdere om det er behov for å regulere bestanden av hjortevilt slik at beitetrykket blir redusert.

1.6 Forskrift om forvaltning av hjortevilt - Hjorteviltforskrifta

[Hjorteviltforskrifta](#) gir reglar for forvaltninga av hjortevilt. I § 3 heiter det at kommunane skal fastsetje mål for utviklinga i bestandane av elg, hjort og rådyr. Føremålsparagrafen (§ 1) gir òg føringar for bestandsmåla.

1.6.1 § 1 Formål

«Formålet med denne forskriften er at forvaltningen av hjortevilt ivaretar bestandenes og leveområdenes produktivitet og mangfold. Det skal legges til rette for en lokal og bærekraftig forvaltning med sikte på nærings- og rekreasjonsmessig bruk av hjorteviltressursene. Forvaltningen skal videre sikre bestandsstørrelser som fører til at hjortevilt ikke forårsaker uakseptable skader og ulemper på andre samfunnsinteresser.»

1.6.2 § 3. Mål for forvaltning av elg, hjort og rådyr

«Kommunen skal vedta mål for utviklingen av bestandene av elg, hjort, og rådyr der det er åpnet for jakt på arten(e). Målene skal blant annet ta hensyn til opplysninger om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på naturmangfold, jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane.»

1.6.3 § 4. Interkommunalt samarbeid

«Kommunene bør samarbeide om felles mål for hjorteviltbestandene når det er hensiktsmessig å samordne bestandsplanleggingen over kommunegrenser. Fylkeskommunen kan pålegge kommuner å inngå i et slikt samarbeid hvis det anses som nødvendig for å ivareta bestands- eller samfunnsmessige hensyn på et regionalt nivå.»

Ei rekkje merkeprosjekt på hjort syner at ein stor del av dyra gjennom året brukar store areal, og at verken kommune- eller fylkesgrenser er barrierar i denne samanhengen. Det er lokale variasjonar, men størstedelen av dyra har ulike leveområde sommar og vinter, og avstandane mellom desse kan vere til dels store. Hausttrekket går føre seg under jakta, og ein stor del av dyra er innom fleire kommunar i løpet av jaktperioden.








Figur 1 Foto: Jan Pedersen

1.5 Nasjonal strategi for forvaltning av hjortevilt

Direktoratet for naturforvaltning fastsette i 2009 ein strategi for forvaltning av hjortevilt (DN-rapport 8–2009). I 2026 kom ein ny og oppdatert [Strategi for forvaltning av hjortevilt 2026–2030](#). Visjonen i den nye strategien er «Robuste bestandar i ein natur i endring», og han tek sikte på å ivareta samspelet mellom hjorteviltet og samfunnet på best mogleg måte. Målet med strategien er å utvikle ein langsiktig haustingskultur som skal forvalte ressursane til det beste for hjorteviltartane. Dette målet skal ein nå ved å arbeide for å:

- Sikre ein mest mogleg naturleg kjønnsamansetnad i bestandane.
- Sikre ein høg gjennomsnittsalder i bestandane.
- Sikre samanheng mellom tettleik og samla beiteressursar.
- Sikre gode moglegheiter for genflyt mellom delbestandar.
- Vere meir bevisst på kva for individ som er igjen etter jakta.

I strategien er det fem satsingsområde:

<p>1. Grenseløs forvaltning Forvaltningen av hjortevilt skal skje på en skala som tilsvarer deres leveområder, og forvaltningen skal være kunnskapsbasert i alle ledd.</p>	
<p>2. Arealbrukskonflikter Hjorteviltets leveområder skal ivaretas og omfanget av arealbrukskonflikter skal reduseres.</p>	
<p>3. Vilthelse Dyrevelferden og helsetilstanden i hjorteviltbestandene skal ikke forringes ytterligere som følge av menneskelig aktivitet, og bestandene skal forvaltes på en måte som gjør dem robuste.</p>	
<p>4. Fremtidens jaktutøvelse Forvaltningen skal ha hovedfokus på bestandens robusthet etter jakt.</p>	
<p>5. Hjortevilt som næring Innenfor rammene av langsiktig forvaltning som bidrar til mattrygghet, god dyrevelferd og robuste bestander, kan lokal næringsutvikling basert på hjorteviltressursen videreutvikles.</p>	

Figur 2 utklipp frå nasjonal strategi for forvaltning av hjortevilt 2026 – 2030

2 Økosystemperspektiv, bestandsstruktur og vektutvikling

2.1 Økosystemperspektiv i forvaltninga

Gjesdal kommune er del av [rovviltnemnda region 1](#). Gjeldande [forvaltningsmål](#) for denne regionen er: «*Det skal ikkje vere årlege ynglingar eller rovpattedyr med skadepotensiale i region 1. Felling er viktigaste førebyggjande tiltak i regionen for å redusere skade på bufe til eit minimum.*» Hjorteviltet har derfor få naturlege fiendar som følgje av at det er få rovdyr. Jakt er den viktigaste bestandsreguleringa, og for hjort har vi sett en sterk auke.

Hjorteviltet er ein del av økosystemet og påverkar vegetasjonen gjennom selektiv beiting. Dette kan påverke artsmangfaldet og leveområda for andre artar. Til dømes et ein vaksen elg bortimot 50 kilo plantemateriale per dag. Tidleg på sommaren er bjørkelauv favorittføda. Elles er rogn, osp, selje og furubar blant dei viktigaste kjeldene til føde for elgen¹.

Hjorten si diett varierer noko mellom sommar og vinter. Gras og halvgras er den viktigaste plantegruppa om sommaren. Beiting på skot og lauv frå buskar og tre er òg svært viktig. Vanlege artar som blir beita er bjørk, hassel, rogn og selje, og av desse føretrekk dyra rogn framfor bjørk og hassel. Haust- og vinterdietten er prega av meir vedrik kost, der einer og røsslyng er viktige artar. Barkgnaging kan hjorten drive med heile året. Frukttre, rogn, selje, kristtorn, furu og gran er mellom treslaga som er mest utsette².

På dyrka mark er grasartar som timotei og raigras særleg populære³. I Gjesdal kommune ser ein at flokkar beitar på dyrka jord gjennom store delar av året.

Rådyr har ein liten og sensitiv mage som krev hyppig inntak av lettfordøyeleg og energirik mat. Rådyret er kresen og et urter, bær, lauv, gras, ulike hagevekstar, knopp og skot av rogn, osp og selje⁴.

Hjortedyr er selektive i kva dei et, og påverkar tilvekst og overleving hos ulike artar av tre, buskar og andre karplantar, til dømes urter. Dette kan gi kaskadeeffektar på heile samansetjinga av økosystemet. Eksempelvis er rogn og selje våre aller viktigaste vårplanter for pollinerande insekt. Store hjorteviltbestandar kan holde desse trea nede. Dette påverkar vidare insekt, fuglar og andre dyr. Forvaltninga skal difor ta omsyn til effekten av beiting på vegetasjon og naturmangfald, mellom anna ved å tilpasse bestandsnivået til beiteressursane. Vi har ikkje kunnskap om beiteskader i skog og utmark.

I nasjonal strategi for forvaltning av hjortevilt les ein: «*Det foreligger begrenset kunnskap om hvilke beiteressurser som er tilgjengelig og hva som er optimale bestandsstørrelser i forhold til disse.*»

¹ [Hjorteviltportalen](#), Elg 21.05.2026

² [Hjorteviltportalen](#), Hjort 21.05.2026


³ [NIBIO](#), Beiteskader på eng forårsaket av hjortedyr 21.05.2026

⁴ [Artsdatabanken](#), Rådyr, 21.05.2026

2.2 Resultat frå overvåkingsprogrammet for hjort

Overvåkingsprogrammet for hjortevilt har samla inn kjevar og ovarium frå felte hjortar, saman med data om slaktevekt, fellingstidspunkt med meir, og har gitt mykje kunnskap om bestandsstruktur, vektutvikling og reproduksjonsevne i hjortebestandane. På Vestlandet er det samla inn materiale frå felt hjort i to regionar – region sør (Kvinnherad kommune) og region nord (tidlegare Flora kommune) – sidan 1992. Sidan avskytingsmønsteret og bestandsutviklinga i stor grad har vore lik for heile Vestlandet i perioden, kan data frå overvåkingsregionane òg nyttast i andre område.

2.1.1 Vektutvikling hjå kalvar og ungdyr



Figur 3 syner utviklinga av slaktevektene for kalvar og 1,5 årige dyr for region Vestland Sør. Data for perioden 1992 – 2021. Alle vektar er datokorrigert til 1. oktober

I takt med bestandsauken sidan 1980-talet og framover har slaktevektene for kalvar og ungdyr gått ned. Mønsteret er i stor grad likt i dei andre overvåkingsregionane på Vestlandet. Slaktevektene for kalvar og ungdyr aukar gjennom jakttida, og vektene her er korrigererte til 1. oktober. Kondisjonen til dyra har òg vorte dårlegare, noko som gir mindre robuste dyr med svakare vinteroverleving dersom vinteren blir snørrik. Dette gjer bestandane meir ustabile, med varierende vinteroverleving og reproduksjon frå år til år.

2.1.2 Reproduksjonsevna i hjortebestandane

Reproduksjonsevna i bestandane har òg gått ned i takt med vektreduksjonen. Andelen 1,5 år gamle hodyr som kjem i brunst og får fram kalvar som toåringar, er sterkt redusert. Dette er direkte avhengig av vekt og kondisjon. For region Vestland nord, som er mest nærliggjande å samanlikne med her, inngår i dag areala i Kinn kommune som tidlegare låg i Flora kommune. Der har det over lang tid vore under 20 prosent av 1,5 år gamle koller som kjem i brunst.

Einskilde hodyr med låg vekt og dårleg kondisjon får heller ikkje kalv som 2,5-åringar. Ungdyra utgjer ein stor del av bestanden, og dette påverkar den totale produksjonsevna negativt, fordi ein då må ha fleire dyr for å produsere ei viss mengd kalvar samanlikna med ein bestand der ein større del av hodyra får kalv.

Små kalvar er ikkje berre dårlegare rusta til å klare den første vinteren, som mange stader kan vere eit nålauge; dei vil heller aldri vekse seg store. Dei blir små både som ungdyr og seinare i livet. Små dyr får vanlegvis små kalvar, men her kan alderen til ein viss grad kompensere, fordi eldre koller oftast får større kalvar enn yngre koller. Alderen på dei vaksne hodyra i bestanden er såleis med på å påverke både overlevinga hjå kalvane og vektene på kalv og ungdyr. I ein bestand med høg gjennomsnittsalder på kollene og mange produktive koller kan ein ha ein lågare hjortebestand som likevel produserer fleire avkom enn ein bestand med lågare gjennomsnittsalder.



Små koller må gjerne verte 3 år før dei kan få sin første kalv. Foto: Jon Anders Stavang.

2.1.3 Alderen til dyra hjortebestandane

NINA har, med utgangspunkt i materialet som er samla inn gjennom overvakingsprogrammet, sett på utfordringar for den framtidige forvaltninga av hjortebestandane på Vestlandet (NINA Rapport 571). Dei har mellom anna prøvd å rekonstruere korleis hjortebestandane i dei ulike regionane såg ut før jakta i 2006.

Overvakingsområde	Gjsn alder koller	Tal koller i bestand	Gjsn alder bukkar	Tal bukk i bestand
Vestland sør	5,0 år	2334	3,4 år	633
Vestland nord	5,2 år	2562	3,0 år	693
Trøndelag	5,2 år	1352	3,0 år	431

Figur 2: Tabellen viser tal og gjennomsnittsalder for dyr 2 år og eldre i dei rekonstruerte bestandane i overvakingsregionane på Vestlandet og i Trøndelag.

Utifrå dette har dei m.o.a. berekna gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra (2 år og eldre) i bestandane. Ein reknar at hodyr i alder mellom 5 og 16 – 17 år er dei beste produksjonsdyra

og at tilstrekkeleg med store hanndyr i alder frå ca. 5 – 13 år er viktige i høve brunst og reproduksjon. Som Figur 2 syner så var gjennomsnittsalderen i høve dette låg.

2.2 Årsaker til reduksjon av vekt og kondisjon

Det er ei rekkje forhold som kan påverke slaktevektene til kalvane, og som dermed òg er avgjerande for kor store dei blir som vaksne dyr. Både beitekvalitet, beitekonkurransse, kalvingstidspunkt og alderen på dei vaksne dyra i bestanden spelar inn.

2.2.1 Beitekonkurransse


Auka konkurranse om den beste og mest næringsrike maten er ein vanleg årsak til at høgare bestandstettleik fører til reduserte kroppsvekt hos hjort og andre gras- og planteetande dyr. Vinterbeitet handlar for mange dyr først og fremst om å overleve med minst mogleg tap av kroppsvekt, medan det er i vekstsesongen om sommaren dyra veks og byggjer opp opplagsnæring til vinteren. Det er såleis sommarbeitet som er avgjerande for kroppsstorleik og kondisjon. Når bestandstettleiken aukar, blir det meir konkurranse om dei mest næringsrike og attraktive beiteplantane. Dette betyr ikkje at dyra går rundt og svelt, men at dei får mindre tilgang til dei mest verdfulle plantane og dermed ikkje utviklar så god vekt og kondisjon som dei elles kunne ha gjort.

2.2.2 Alderen til dyra i bestandane

Når det gjeld kalvevektene, er det ikkje berre bestandstettleik og beitekonkurransse som spelar inn. Kalvingstidspunktet er òg avgjerande for vektutviklinga til kalvane. Tidleg kalving blir rekna som ein stor fordel, fordi kalvane då får nytte meir av den produktive tida tidleg på sommaren, når vegetasjonen har høgt proteininnhald.

Store og eldre koller i god kondisjon kjem tidleg i brunst og får oftast fram store kalvar som blir fødde tidleg. Dette har mykje å seie for vektutviklinga til kalvane og dermed òg for kor store dei blir som vaksne. Koller som blir para seint, kan delvis kompensere ved å korte ned drektigheitstida noko. Det fører likevel ofte til mindre og svakare kalvar, som dessutan blir fødde seint, og dette er endå mindre gunstig for vektutviklinga.

Å ha tilstrekkeleg med vaksne hanndyr i bestanden påverkar òg kalvevektene. Brøling og annan brunstaktivitet hjå eldre bukkar er med på å framskande og synkronisere brunsten hjå kollene. Kolla må parast innan eit tidsrom på om lag eitt døger dersom det skal bli kalv. Dersom ho ikkje blir para då, kan ho kome i ny brunst om lag 18 dagar seinare. Det inneber seinare paring, noko som igjen verkar inn på kalvevektene. Godt vaksne hanndyr som har samla seg eit «harem» av koller dei følgjer, har erfaring og kan pare kollene når dei er klare. Kollene søkjer òg primært å pare seg med store og dominerande bukkar. Mangel på vaksne bukkar blir difor rekna som ei mogleg årsak til at koller ikkje blir para i første brunst, og at ein dermed får ombrunst og seinare paring og kalving.



Figur 3 syner gjennomsnittsalderen til felte hann og hodyr 2 år og eldre i lag med andelen kalv og ungdyr i jaktuttaket frå tidlegare Flora kommune som no utgjer overvåkingsregionen Vestland nord.

Bukkar har i Flora som elles på Vestlandet tidlegare utgjort ein alt for stor del av det samla jaktuttaket. Over tid har no hanndyr samla og særleg bukkar utgjort ein minkande del av det samla jaktuttaket og har dei siste åra utgjort kring 15 %. I lag med at kalv og ungdyr har utgjort ein aukande del av jaktuttaket ser ein auke i gjennomsnittsalderen for felte dyr som er 2 år og eldre. Men gjennomsnittsalderen særleg for hanndyr er framleis låg i tillegg til at det framleis er for få hanndyr i høve hodyr.



Det er blitt fleire bukkar, men vaksen bukk er det enno svært få av. Dette har negative effektar for brunstavviklinga. Foto: Johan Trygve Solheim.

3 Fordeler og ulemper med hjortevilt

3.1 Verdiskaping i landbruket

Hjorteviltet bidreg til naturopplevingar og er ein viktig del av naturgrunnlaget for friluftsliv og livskvalitet i kommunen.

Jakt på hjortevilt kan vidare utgjere ein viktig økonomisk ressurs for grunneigarar i kommunen. Inntekter frå jaktrettar og kjøt bidreg til verdiskaping i landbruket og gir insentiv til aktiv og langsiktig forvaltning av utmarksressursane. Ei berekraftig forvaltning med fokus på å få ein robust stamme (dyr med god kondisjon, stor genetisk variasjon og naturlig kjønns og alderssammensetning) er ein føresetnad for å oppretthalde denne verdien over tid.

Den nasjonale strategien for forvaltning av hjortevilt legg vekt på å utvikle hjorteviltet som ressurs for lokal verdiskaping, og kommunane er synleggjort som viktig aktør for å styrke arbeidet. I strategiens punkt 5.2.1 les ein: «*Styrke arbeidet med kombinerte tiltak der jakt og jaktopplevelser kobles med lokalmat, husvære, alternative opplevingar og lokalkultur bl.a. gjennom å utvikle arenaer og nettverk for kunnskap og erfaringsdeling.*» vidare i punkt 5.4.1 «*Styrke organisering av rettighetshavere og grunneierlag som ønsker å vidareutvikle nye produkter og tilhørende aktiviteter*»



Figur 4 På skuddhold. Foto: Trond Vidar Berge

3.2 Skader på jordbruksareal, påkøyningar, drikkevasskjelder m.v.

Hjorten si beiting påverkar vegetasjon og naturgrunnlag, og dermed òg næringsinteresser som jordbruk, skogbruk og hagebruk. Skadar i private hagar og på gravplassar, parkar og liknande kan òg vere eit problem enkelte stader. Kollisjonar med hjort er mange stader ei utfordring. Beiting frå hjort på jordbruksareal og skog kan føre til økonomiske tap av betydeleg omfang for brukarane. Omfanget av dette er avhengig av det lokale beitepresset, kva slags avling det er tale om, og alderen på skogen. Det økonomiske tapet er størst i meir intensive jordbruksproduksjonar, som frukt og frilandsgrønsaker. I utsette område kan hjorten òg gi betydeleg redusert avling i grasproduksjon.

3.1 Beiteskadar på jordbruksareal

Innmarksareala er mange stader viktige beiteområde for hjorten, særleg vår og haust. Beitepresset er oftast størst i typiske vinterbeiteområde, der det står mykje dyr frå hausten og fram til vårtrekket startar i byrjinga av mai. I slike område med lite snø, der hjorten kjem til enga gjennom vinteren, kan tapa bli særleg store fordi graset blir beita så hardt ned at mykje av dei beste og mest næringsrike grasslaga raskt går ut. Dette blir erstatta av meir beitesterke artar med lågare fôrverdi og produksjon, noko som gjer at enga må fornyast oftare dersom ein skal halde oppe høg fôrproduksjon. I slike område kan det, dersom det òg blir beita gjennom vekstsesongen, vere tale om avlingstap på opptil 40 prosent av totalavlinga. Forureining av hausta fôr med hjorteavføring som kjem med under haustinga, kan òg vere eit problem der hjorten beitar på innmark om sommaren.

For å avgrense skadar på mellom anna landbruksproduksjon kan ein, med heimel i naturmangfaldlova § 18, gi løyve til å ta ut einskildindivid gjennom såkalla skadefellingsløyve. Sidan det ofte er koller som etablerer slike beitemønster, må ein òg ta omsyn til at dei kan ha kalv. Løyve til slikt uttak av koller kan difor ikkje givast før kalvane tek til å følgje mora på beite. Nokre stader ser ein òg at bukkeflokkar legg seg til eit beitemønster der dei «okkuperer» innmarksareal og beitar fast der. Med tidleg jaktstart, slik som no frå 1. september, vil ein òg innanfor ordinær jakttid kunne få vekk slike dyr dersom dette blir prioritert tidleg i jakta.

For å halde hjorten borte frå landbruksproduksjon er hjortegjerde det einaste verkeleg effektive tiltaket. Dette er relativt kostbart, men i utsette område kan det likevel vere ei god investering. Det kommunale viltfondet kan nyttast til å gi tilskot til tiltak som førebyggjer beiteskadar frå hjort på landbruksproduksjon.

Ved samarbeid gjennom bestandsplanar for større område kan fellingsløyva nyttast i heile bestandsplanområdet. Det vil seie at område med mange fellingsløyve og dårleg utteljing kan nytte løyva i område med tettare bestandar og eventuelle beiteskadar.

3.2 Beiteskadar på skog

Når det gjeld skog, er det i hovudsak to typar skadar som fører til større økonomisk tap for skogeigaren. Dette gjeld borkgnaging på produksjonsskog (hogstklasse 3 og 4) av gran, og knoppe- og skotbeiting på ungskog (hogstklasse 2) av gran og furu.

Borknaging på gran fører ofte til roteskadar i området der det er gnagd, og rotstokken blir øydelagd som sagtømmer. Trea blir òg svekka av råteangrep, noko som ofte kan føre til stammebrekk. Skotbeiting på ungskog i hogstklasse 2 gir sterkt redusert vekst, og ved gjenteken hard skotbeiting kan trea døy. Mange stader er det òg eit problem at hjorten beitar i nyplantingar før plantene har fått rota seg, slik at dei blir dregne opp av jorda.


Når det gjeld skadar på skog, er det vinterbeiteområda som oftast er mest utsette, og enkelte stader vil det med dagens hjortebestand vere vanskeleg å få etablert ny skog med tilfredsstillande tettleik og kvalitet etter hogst. Dersom dette i vesentleg grad hindrar etablering av ny skog, kan skogbrukslova leggje føringar for at hjortebestanden må reduserast.

3.3 Skadar i hagar m.v.

Mange stader kan det vere problem med rådyr hjort som oppheld seg i bustadområde og gjer skade i hagar og på gravplassar med meir. Slike problem er ofte knytte til einskilde dyr som raskt blir lite sky for folk og vanskelege å jage. Løysinga er i dei fleste tilfelle å ta ut slike dyr ved jakt eller skadefellingsløyve. Rådyr har tidlegare vært ei plage i hagane på Ålgård. Etter at eit rådyrvald blei oppretta på strekket Ålgård – Berge høyrer vi mindre om dette.


3.4 Påkøyningar

For å redusere påkøyrslar finst det ei rekkje tiltak som kan setjast i verk. Dette kan til dømes vere utvida ryddebelt eller ledegjerde for å styre kryssingane til meir oversiktlege strekningar. Det er vegvesenet som utfører sikringstiltak langs vegnettet, medan kommunen har ansvaret for å registrere påkøyningar. For at vegstyresmaktene skal kunne setje inn tiltak der dei har best effekt, er det difor viktig at alle påkøyningar blir registrerte i Hjorteviltregisteret. Ved å nytte kartløyvinga der kan dei prioritere dei mest belasta strekningane og punkta.




Figur 4: Kartet syner fordelinga av registrerte påkøyningar i perioden 01.01.2021 – 31.12.2025 på ulike vegstrekningar. Klauvesymbolet gjeld 1 påkøyning medan tala syner talet på kvar strekning/område.

I Gjesdal er det for perioden 2011 – 2025 registrert totalt 109 påkøyningar av hjortevilt, som utgjør 22 påkøyningar i året i gjennomsnitt. Hovudtyngda av påkøyningane gjeld rådyr (78 %) hjort utgjør 20 % og elg under 2 %. Som kartet syner så er ein stor del av desse på E39 ved Algård, elles er dei spreidd på mange av vegane med nokre område som skil seg ut med litt fleire.




Figur 5 syner tal registrerte påkøyningar på venstre akse og tal felte hjortevilt per år på høgre akse.

Talet påkøyningar av hjort vil i dei fleste tilfelle variere med bestandstettleiken. Hovudtyngda av påkøyningar skjer vår og haust og det er store årlege variasjonar som mest truleg skuldast varierende vêrtilhøve (snø, nedbør sikt i høve trafikk).



Figur 6: syner korleis påkøyningane fordeler seg over året for perioden 2011 – 2025.

April, mai og oktober er dei månadane her som tydeleg peikar seg ut med flest påkøyningar. Her er relativt få i sumarmånadane, men noko meir enn det ein vanleg ser når det gjeld hjort og det er mest rådyr som vert påkøyrt i sumarmånadane.




Figur 7 syner fordelinga av dei registrerte påkøyringane på klokketimar.

Størstedelen av påkøyringane skjer på kveld og natt og i morgontimane då det ofte er mykje trafikk, dårlege lystilhøve om vinteren og hausten då dei fleste skjer.

3.5 Drikkevasskjelder

Det interkommunale vass-, avløps- og renovasjonsselskapet IVAR IKS leverer drikkevatt til elleve kommunar i regionen. I Gjesdal har IVAR eit vassbehandlingsanlegg på Eidland, Langevatn vassbehandlingsanlegg. Dette anlegget har i dag kapasitet til å behandle 3 300 liter vatn i sekundet, og hentar ubehandla vatn frå Romsvatn/Stølsvatn i Bjerkreim og Storavatn i Gjesdal. I tillegg brukar dei Langevatn som reservedrikkevasskjelde. Totalt vert det levert i overkant av 41 millionar kubikkmeter vatn årleg til drikkevatt.

Det eine drikkevassmagasinet, Storavatn, ligg i Gjesdal kommune. Vatnet ligg om lag 260 m.o.h. sør i kommunen. Det er noko jordbruksareal i nedslagsfeltet der det er restriksjonar på beiting og bruk av husdyrgjødsel, men hovudsakleg er det store utmarksareal. Nedslagsfeltet er òg inngjerda for å unngå at husdyr beitar der. Vatnet har likevel hatt høge verdiar av koliforme bakteriar, sjå figur under, som ein reknar med stammar frå hjortedyr som beiter i området.



Figur 5 IVAR iks analyserer vannprøver frå Storavatnet for koliforme bakteriar. Grafen viser resultat av analyser frå 2016 – 2025. Trenden er aukande

Koliforme bakteriar er ei indikatorbakterie for fekal forureining. I avføring fra dyr er det ei mengde typer mikroorganismar, f.eks. [Cryptosporidium](#), som er ein parasitt som gir infeksjon i tarmen. Parasitten er vanskelig å fjerne ved behandling av råvannet.


Figuren over viser at trendlinja frå januar 2015 og fram til i dag er aukande. Målemetoden har ei øvre grense på 200 MPN/100 ml (200 koliforme bakteriar/100 ml), men ein veit at talet i periodar er 10 gonger høgare. IVAR skillar ikkje på kjelde til koliforme bakteriar. Analysen er derfor summen av både vilt og fugl. Det som er viktigast å merke seg i figuren, er derfor kor ofte bakteriane blir påvist, og at verdiane oftare når taket på 200 enn tidlegare. I perioden i 2024/2025 var det arbeid med dammen, Storevatnet var då nedtappa. Ein har derfor ikkje data for denne perioden.

IVAR har vore uroa for at mykje hjortedyr i nedslagsfeltet kan føre med seg smitte av parasittar. Å gjerde inne dette store nedslagsfeltet til Storavatnet med viltgjerde på minst 2,20 meter er lite realistisk. Eit slikt gjerde over ein så stor avstand vil kunne få negative konsekvensar for anna vilt.

Det beste tiltaket på sikt er å stogge bestandsveksten ved å auke totaluttaket og framleis ha fokus på å skyte kalv, slik ein har hatt dei siste åra.

4 Bestandsutvikling og status

4.1 Fellingstatistikk



Figur 8 : Viser årleg total avskyting av hjort i kommunen frå 1986 til 2025.

Hjortebestanden i kommunen har som for resten av vestlandet hatt ein kraftig vekst sidan byrjinga av 1990 talet. Fyrste året det er registrert felt hjort i kommunen er i 1990 og då vart det felt ein hjort. Fellingstala heldt seg på eit relativt lågt nivå før det byrja å auke på byrjinga av 2000 talet. Fellingstalet auka då med ein topp i 2010 og ein mindre reduksjon nokre år etter og deretter kraftig auke som ein ser elles på vestlandet.


Fyrste felte elgen er registrert i 1988 då det vart felt ein elg men i motsetnad til hjorten har ikkje elgbestanden auka av noko omfang. Dei siste 10 åra er det i gjennomsnitt felt 3,6 elg i året.

Bestanden av rådyr auka mykje fram mot ein topp i 2010 då det vart felt 110 rådyr. Deretter har fellingstala gått noko ned og dei siste 10 åra har det i gjennomsnitt vore felt 65 rådyr i året.

Utifrå fellingstala kan det synast at det er relativt magre vilkår for elgen i kommunen medan det er langt betre vilkår for rådyr og særleg hjort som har auka mykje dei siste åra.

4.1.1 Fellingsstatistikk 2011 - 2025


4.1.1.1 Hjort



Figur 9: viser tildelte og felte dyr (venstre akse) samt fellingsprosenten (høgre akse) for perioden 2011 – 2025.

Tildeling av løyver og tal felte hjort har i perioden 2011 – 2021 auka jamt fram mot ein topp i 2024 med 198 felte hjort. Siste året gjekk fellingsstalet noko ned då det vart felt 171 hjort.


4.1.1.2 Rådyr



Figur 60: syner tal felte rådyr årleg i perioden

Fellingstalet har i perioden variert frå 32 til 82 felte rådyr per år med eit gjennomsnitt på 57 rådyr per år i perioden.

4.1.1.3 Elg




Figur 11: syner tal tildelte og felte elg på venstre akse og fellingsprosenten på høgre.

Det har vore felt mellom 1 og 6 elg årleg i kommunen som i gjennomsnitt utgjer 3,5 elg årleg i perioden. Tildelinga av fellingsløyve har særleg siste åra vore på langt fleire enn det som har vore felt noko som gjev ein låg fellingsprosent.

4.1.2 Fordeling av avskytinga

4.1.2.1 Hjort

Vel så viktig for bestandsutviklinga som talet felte er korleis avskytinga er fordelt på ulike kjønns og aldersgrupper. Lenge har ein hatt ei avskyting som har vore mindre enn tilveksten og bestandane har vakse. Ein har då felt langt færre kalvar enn tilveksten samstundes som vaksne hanndyr har utgjort ein stor del av uttaket. Dette har medført bestandar med låg gjennomsnittsalder og ei stor overvekt av hodyr. Dette har hatt verknad for vektutviklinga til dyra i bestandane der ein ser at slaktevektene for dei ulike årsklassane har gått ned i takt med bestandsauken. For å gjere bestandane meir stabile og robuste bør særskilt kalv utgjere ein langt større del av jaktuttaket enn tilrådingane tidlegare.



Figur 12. syner kor stor del kalv, spissbukk, fjorkolle og kalv og ungdyr samla har utgjort i % av totalt jaktuttak.

Kalv har lenge utgjort ein stor del av jaktuttaket og særleg siste åra har uttaket av kalv auka mykje og har dei 2 siste åra utgjort 43 % og dei siste 5 åra 39,5 % i gjennomsnitt. Dette er positivt i høve å ta ut ein større del av tilveksten for å auke gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra i bestanden.


Miljødirektoratet innførte ei ordning med å gje kvotefri jakt på kalv i 2022. Vi har etter dette årlig søkt Miljødirektoratet om å kunne tildele kvotefri jakt på kalv. Tilbudet er vidare gitt alle hjortevald som har søkt kommunen om kvotefri jakt på kalv. Av 14 vald var det 12 som søkte og fekk tildelt dette. Talmaterialet i tabell under viser resultatet. Som tabellen syner har ikkje ordninga *kvotefri jakt på kalv* ført til et større markant uttak. I storvaldet Storavatnet blei det skutt følgande: i 2023: totalt 78 felte og 26 kalv (33%). 2024: totalt 105 felte og 43 kalv (41 %), 2025: totalt 81 felte og 15 kalv (18 %). Ordninga har gitt valda eit ekstra verktøy i områder med mykje dyr.

År	Tal vald som tok i bruk kvotefri jakt på kalv	Tal tildelte kalv i fellingsløyve	Tal ekstra kalv felt som følge av fri avskyting på kalv	Sum felte kalv	Totalt felte som følge av kvotefri jakt
2022	3	61*	5*	61	0
2023	7	35	15	41	6
2024	5	41	13	43	3
2025	4	34	16	36	2

* Inklusive Storavatnet storvald. Dei fekk bestandsplan i 2022 til 115 dyr og vises ikkje i tabellen 2023-2025.

Fjorkolle har med litt årlege variasjonar utgjort ein relativt liten og stabil del av uttaket med medan spissbukk som tidlegare har utgjort ein noko høgare del har minka litt dei seinare åra.


I gjennomsnitt for dei siste 5 åra har fjorkolle utgjort 9,2 %, spissbukk 20,7 % og kalv og ungdyr til saman 69,5 % av det totale jaktuttaket.



Figur 13: syner kor stor del av jaktuttaket eldre dyr har utgjort i % av totalt jaktuttak.

Eldre dyr har med litt varierende fordeling mellom hann og hodyr lenge utgjort kring 30 % av det totale jaktuttaket. Siste 5 åra har eldre hanndyr utgjort 16,1 % og eldre hodyr 14,4 % av totalt jaktuttak i gjennomsnitt.


4.1.2.2 Rådyr



Figur 14: syner tal felte rådyr per gruppe på venstre akse og tal felte totalt på høgre.

Ein stor del av uttaket av rådyr er bukkar som i perioden har utgjort 58 % av det totale uttaket. Geit har utgjort 14 % og kalv som har auka ein del siste åra har utgjort 27 % for perioden samla.

4.1.2.3 Elg




Figur 15: Syner årleg jaktuttak fordelt på ulike kjønns og aldersgrupper.

Kalvar har utgjort hovudtyngda av uttaket i perioden med 54 % av det totale jaktuttaket. Oksar har utgjort 27 % og kyr 11,5 % og det er berre felt ei 1,5 årig ku og tre 1,5 årige oksar i perioden.

4.1.3 Kjønnsfordeling i jaktuttaket

4.1.3.1 Hjort




Figur 16: syner kjønnsfordelinga av felte hjort for alle årsklassar samla.

Resultat frå Overvåkingsprogrammet for hjortevilt syner at det lenge har vore alt for lite vaksne hanndyr i høve hodyr i hjortebestandane på vestlandet. Dette skuldast ei overvekt av hanndyr i høve hodyr i jaktuttaket over lang tid. For lite vaksne hanndyr i bestandane er uheldig i høve reproduksjon (pkt. 2.2.2). For Gjesdal så har ein med unntak av eitt år hatt ei overvekt av hanndyr for heile perioden her. Dette er uheldig då ein ved ei overvekt av

hanndyr i bestandar som allereie har lite hanndyr vil forsterke dette ytterlegare. For å rette opp dette må ein ha ei overvekt av hodyr i uttaket framover.


4.1.3.2 Rådyr



Figur 17: Syner kjønnsfordelinga av felte rådyr for alle årsklassar samla.


Som diagrammet syner så er det ei stor overvekt av hanndyr som vert felt. For perioden samla så er 73 % av felte rådyr hanndyr og 27 % hodyr noko som gjev grunnlag for bestandsvekst.

4.1.3.3 Elg



For elg er det og ei god overvekt av hanndyr som har vore felt. For perioden samla så har hanndyr utgjort 62 % og hodyr 38 % av felte elg i kommunen.

4.1.4 Fordeling av avskytinga av hjort på kjønns- og aldersgrupper



Figur 17: syner talet felte hjort for dei ulike kjønns og aldersgruppene på venstre akse og talet felte hjort totalt på høgre akse.

Som figur 17 syner så er størstedelen av den auka avskytinga dei seinare år gjort ved å ta ut langt fleire kalvar enn tidlegare. Spissbukk har utgjort ein stor del nokre år men er redusert dei siste åra.

Utifrå resultata frå Overvåkingsprogrammet veit ein at gjennomsnittsalderen for dei vaksne dyra i bestandane, særleg hanndyr har vore låg dei fleste stader jf. figur 2. Beste tiltaket for å auke gjennomsnittsalderen er at kalv (særleg) og ungdyr utgjer ein stor del av jaktuttaket.

Avskytinga her dei seinare åra har såleis vore positivt for å auke gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra i bestanden.

4.2 Sett elg/hjort registreringar

Sett elg/hjort er det styringsverktøyet ein har for å kunne sjå bestandsmessige endringar. Dette går ut på at jegerane under jakta registrerer tidsforbruk og det dei ser og feller av hjort. Utifrå det vert det rekna ut ulike indeksar som skal sei noko om bestandsutviklinga både i høve bestandsstorleik, kjønnsfordeling, reproduksjon og jakttrykk. Kor godt det er avheng av mengda og kvaliteten på registreringane. Dette er heller ikkje eigna til å fange opp brå og lokale endringar, men meir å sjå trendar i bestandsutviklinga for større område over noko tid.

Data vert registrert særskilt for innmark og utmark for hjort. Sett hjort data frå innmarksjakt syner seg å variere mykje einskilde år utan at det kan forklarast utifrå bestandsmessige

tilhøve. Ein reknar difor at tala frå utmarksjakt gjev dei sikraste indikasjonane på bestandsvariasjonar. Sett Hjort er eit statistisk verktøy og kvaliteten og presisjonen i indeksane aukar med auka datamengd/registreringar. Tilfeldige avvik og feilregistreringar vil gjere mindre utslag dess større datamengd som ligg bak.


Det er difor viktig at alle registrerer data frå mest mogleg av den tida ein jaktar både om ein ser eller feller noko men like viktig når ein ikkje gjer det. Fyrst då vil ein få eit best mogleg grunnlag for å vurdere bestandsendringar.

Det er registrert noko sett elg i kommunen dei seinare åra men datagrunnlaget her er så lite at det vanskeleg kan nyttast.

For *Sett hjort* er det registrert ein del meir men datagrunnlaget her er og relativt lite både totalt sett men særleg for utmarksjakt ein har her difor sett på jakt i utmark og på innmark samla.


Bruk av termiske kikkertar for å lokalisere hjort har dei siste åra vorte meir og meir vanleg. Dette er med å effektiviserer jakta og gjer truleg at det vert observert fleire hjort enn utan slike hjelpemiddel. Kor utbreidd bruken av slike hjelpemiddel er varierer ein del. Vestland fylkeskommune har nyleg fått gjennomført ei undersøking kring bruken av dette og føring av observasjonar. Resultat frå denne tyder at dette etter kvart er vanleg i mange jaktlag og at det vert observert og registrert fleire hjort enn utan slike hjelpemiddel. Dette påverkar indeksen for *Sett hjort per jegerdag* som då vil syne høgre verdiar enn utan bruk av slike hjelpemiddel.

4.2.1 Sett hjort per jegerdag



Figur 14: Blå line syner kor mange hjort som vert observert pr jegerdag i utmark med referanse på venstre akse. Stipla svart line viser tal felte hjort per år på høgre akse.


Indeksen for *Sett hjort pr jegerdag* gjev signal om endringar i bestandstettleiken. Indeksen her har lege vore aukande. Dei høge indeksane i 2018 og 2019 er truleg påverka av tilhøve knytt til observeringane og lite og varierande datamengd og ikkje bestandsmessige endringar. Trenden (stipla blå line) er eintydig aukande noko som tyder vekst i bestanden for perioden.



Figur 15 . Syner indeksane for sett og felt hjort per jegerdag for 5 års perioden 2021 – 2025

Om ein ser på indeksen dei siste 5 åra så er trenden minkande for Sett hjort per jegerdag medan indeksen for felte hjort per jegerdag er svakt aukande. Det tyder såleis at bestanden etter ein lengre periode med vekst dei siste åra har vore noko minkande. Utifrå vurderingane kring bruken av termiske hjelpemiddel som effektiviserer jakta og har vorte meir og meir vanleg kan reduksjonen vere større enn det indeksane tilseier.


4.2.2 Sett kalv pr kolle



Figur 16 : viser kor mange kalvar som vert observert pr observert kolle under jakt i utmark.

Sett kalv pr kolle gjev uttrykk for reproduksjonsevna i bestanden. Dette avheng av kondisjonen og aldersfordelinga blant dei vaksne hodyra i bestanden. I dei fleste tilfelle vil det vere ynskjeleg med ein høg og stabil produksjon av kalvar i bestanden. Viktigste kriteriet i så måte er høg gjennomsnittsalder og god kondisjon på dei vaksne dyra i bestanden. Indeksen her er med litt årlege variasjonar stabil kring 0,6.

4.2.3 Sett kolle pr. bukk




Figur 17: Syner kor mange koller som vert observert pr observert bukk (medrekna spissbukk) og gjev uttrykk for endringar i kjønnsfordelinga blant dyr 1,5 år og eldre i bestanden.

Sett kolle pr. bukk gjev uttrykk for kjønnsfordelinga blant dei vaksne dyra i bestanden, dess høgre indeks dess færre bukkar i høve koller. Ein skal vere merksam på at indeksen ikkje speglar den reelle fordelinga i bestanden. Bukkane er meir synlege og let seg lettare observere slik at det i den verkelege bestanden er færre bukkar pr kolle enn det indeksen tilseier.

Indeksen her er noko høg og trenden (stipla line) er svakt aukande noko som tilseier at det vert færre bukkar i høve koller i bestanden. Dette samsvart med avskytinga (Figur 12) der ein har hatt ei overvekt av hanndyr i uttaket i lengre tid.

4.2.4 Sett spissbukk pr bukk



Figur 18: syner kor mange spissbukk som vert observert per eldre bukk som vert observert

Indeksen for sett spissbukk gjev indikasjonar på endringar i aldersstrukturen til hanndyra i bestanden. Reduksjon av indeks tilseier at det vert fleire eldre hanndyr i høve spissbukk og

dermed og aukande gjennomsnittsalder for hanndyra i bestanden. Indeksen her er aukande noko som tyder minkande gjennomsnittsalder for hanndyra.


4.3 Slakteveker kalvar og ungdyr

Utviklinga av gjennomsnittlege slakteveker for dyr av ulik alder over tid kan gje signal om endringar i desse og dermed kondisjonen/haldet til dyra i bestandane.

Jegerane i Gjesdal har registrert slakteveker for felte dyr i hjorteviltregisteret sidan 2019. Då dei eldre dyra ikkje er aldersbestemte vil vektene til desse vere meir usikre å nytte. Ein ser her difor på utviklinga av gjennomsnittlege slakteveker for kalvar og ungdyr (1,5 år) som lett kan aldersbestemast utifrå tannsettet. Utifrå varierende kvalitet på beitetilhøve kan vektene variere noko frå år til år og utifrå dette må ein difor sjå på utviklinga over tid.

Det er her relativt få og eit varierende tal dyr det årleg er registrert veker for noko som kan gje store variasjonar mellom år.


4.3.1 Slakteveker for kalvar



Figur 19: Syner gjennomsnittlege slakteveker for kalvar

Med litt årlege variasjonar er dei gjennomsnittlege slaktevektene for kalvar rimeleg stabile for perioden. Det er lite skilnad mellom vektene for hann og hokalvar noko som må tilskrivast registreringar av veker frå eit lite og varierende tal dyr. Slaktevektene her er noko høgere enn det ein har i overvaksingsregionen Vestland sør (Figur 1) men desse er korrigert for fellingstidspkt. Største reduksjonen av slaktevektene i overvaksingsregionane var på -90 talet og til tidleg 2000 tal. Meir om årsaker til utvikling av slakteveker framgår i kap. 2.

4.3.2 Slaktevekter for ungdyr



Figur 20: Syner gjennomsnittlege slaktevekter for ungdyr.

Vektene for spissbukk varierer mykje noko som skuldast vektor for eit lite og varierende tal dyr. Elles så synest vektene som for kalvar å vere rimeleg stabile for perioden her.

4.4. Samandrag bestandsutvikling og status

4.4.1 Hjort

Jaktuttaket er auka mykje frå 2021 og utifrå det ein finn av fellingstal og *Sett hjort* data så har ein etter ei lang tid med bestandsvekst dei siste åra stogga bestandsveksten og truleg hatt ein mindre bestandsreduksjon siste året.

Auken i jaktuttaket dei seinare åra har i hovudsak vore gjort ved å ta ut fleire kalvar som dei seinare åra har utgjort kring 40 % av det totale jaktuttaket. Dette har vore positivt i høve å auke gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra i bestanden.

I høve kjønnsbalansen så har ein lenge hatt ei overvekt av hanndyr i jaktuttaket (figur 16). Dette har medført ein hjortebestand med skeiv kjønnsfordeling med for lite vaksne hanndyr i høve hodyr. Dette er uheldig i høve reproduksjon og bør betrast med å ha ei overvekt av hodyr i uttaket framover.

Slaktevektene for kalvar og ungdyr synest å vere stabile utan noko teikn til reduksjon er dei utifrå data frå Overvåkingsprogrammet (Figur 1) truleg redusert ein god del i samband med bestandsveksten sidan 1990 talet.



Figur 77 sekstagger tatt frå viltkamera. Foto: Rolf Lyster

4.4.2 Rådyr

Etter ein reduksjon i tal felte dyr nokre år har det dei siste åra igjen vore auke i talet felte rådyr. Dette tolkar ein som at bestanden er i vekst. Kje har dei seinare åra utgjort ein aukande del av jaktuttaket. Dette er positivt i høve å byggje ei meir robust bestand med stabil reproduksjon. Det har vore ei stor overvekt av hanndyr i uttaket lenge noko som aukar reproduksjonsevna i bestanden. For å få ei meir stabil reproduksjon bør hodyr utgjere ein større del av jaktuttaket.

4.4.3 Elg

Det har vore felt elg i kommunen sidan 1988 men ein har ikkje sett nokon bestandsvekst som for hjort og rådyr. Fellingstalet har lenge vore stabilt kring 3 – 4 felte dyr i året. Det har vore felt lite kyr noko som skulle kunne gje grunnlag for bestandsvekst. Dette har ikkje hatt nokon stor effekt og det kan såleis sjå ut til at naturgrunnlaget for elg i kommunen er relativt marginalt og avgrensa til dalføra i austre delen av kommunen. Det er såleis lite som tyder på at elgen vil etablere seg av noko omfang i andre delar av kommunen.

5 Organisering, valdstruktur og områdebruk

For å kunne drive ei målretta bestandsforvaltning er det viktig at jaktrettshavarane er organisert i store nok og godt avgrensa einingar i høve årsleveområda til dei «lokale hjorteviltbestandane». Denne organiseringa kan anten vere som vald eller at vald samarbeider om bestandsplanar ved å organisere seg i Bestandsplanområde.


5.1 Dagens valdstruktur og organisering

I Gjesdal er det i dag 42 vald som er godkjent for jakt på elg, hjort og rådyr. Av desse er det fem som er godkjent berre for jakt på elg, eit er godkjent for jakt på elg og hjort, tre er godkjent for jakt på elg, hjort og rådyr, to er godkjent for hjort og rådyr og 23 vald berre for rådyr.


Storleiken på valda varierer frå 549 dekar til 137 128 dekar. Dei minste valda er reine rådyrvald, medan valda som er godkjent for elg og hjort er større og berre tre av dei er under 5 000 dekar.

Av dei 14 valda godkjent for hjortejakt er det kun eit som har tildeling etter godkjent bestandsplan. Dette er eit større vald som har nær halvparten av tildelinga av fellingsløyve for hjort, dei andre valda har retta tildeling. For elg er det ingen av valda som har tildeling etter bestandsplan.


Vi sender kartfiler av godkjente vald til Statsforvalteren i Rogaland slik at dei kan synas i [Temakart Rogaland](#). Utklippa under syner godkjente vald i Gjesdal kommune per 12.05.2026. Nokre vald går over til nabokommunar. Vi har inngått samarbeidsavtaler med Bjerkreim, Time og Sandnes kommuner.



Figur 8 Utklipp frå Temakart Rogaland. Figuren viser godkjente vald for rådyr per 12.05.2026



Figur 9 Utlipp fra Temakart Rogaland. Figuren viser godkjente vald for hjørte per 12.05.2026



Figur 10 Utlipp fra Temakart Rogaland. Figuren viser godkjente vald for elg per 12.05.2026

6 Forvaltningsmål og tiltak i planperioden

6.1 Hovudmål

Hjorteviltet er ein viktig utmarksressurs i Gjesdal kommune. Bestandane skal forvaltast slik at det sikrar grunnlaget for ei langsiktig og stabil hausting av hjortevilt som ressurs for jakt, naturopplevingar, matproduksjon og næringsutvikling. Dette utan at konfliktnivået opp mot næringsinteresser og andre samfunnsinteresser blir for stort. Forvaltninga skal òg sikre bestandar med sunne og friske dyr i god kondisjon, med omsyn til dyra sin eigenverdi og dyrevelferda.

6.2 Delmål og tiltak

Delmål = kva ønsker vi å oppnå?

Tiltak = kva vi skal gjere for å oppnå det

6.2.1 Bestandsretta og grunneigarstyrt forvaltning

Delmål:

Forvaltninga av hjorteviltet i kommunen skal i hovudsak skje gjennom bestandsplanar, og det skal leggjast til rette for meir samarbeid mellom vald.

I løpet av planperioden skal minst 1/3 av alle hjortevald inngå i bestandsplanområde.

Tiltak:

- Oppmode vald til å inngå i bestandsplanområde som samsvarar betre med hjorteviltet sine årsleveområde.
- Legge til rette for samarbeid mellom vald på tvers av dagens struktur. I løpet av planperioden skal vi invitera alle valdansvarlege til felles møte om bestandsplan.
- Nytt det kommunale viltfondet til å støtte organisering, samarbeid og bestandsplanar.

6.2.2 Redusere omfanget av arealbrukskonfliktar

Delmål:

Forvaltninga skal redusere konfliktar knytt til:

- skadar på jordbruksareal og skog
- påverknad på drikkevatt
- påkøyningar av hjortevilt

Omfanget av beiteskadar frå hjortevilt på dyrka jord skal reduserast i planperioden, særleg i utsette område som f.eks. Maudal, Dirdal opp til Gilja og øst i Frafjord.

I løpet av planperioden skal analyser som viser mengde koliforme bakteriar i Storavatnet vise ein fallande trend.

Talet på påkøyningar av hjortevilt i kommunen skal reduserast med minst 30 %, noko som tilsvarar ein reduksjon frå om lag 22 til om lag 15–16 påkøyningar per år. Påkøyningar vil variere mellom år, og vurderinga av måloppnåing skal baserast på utvikling over fleire år.

Tiltak:

- Etter søknad frå valdleder vurderer å fravike minstearealet, jamfør forskrift om forvaltning av hjortevilt § 7.
- Registrere alle påkøyningar i Hjorteviltregisteret. Ta kontakt med Rogaland Fylkeskommune og be om at entreprenørar som driv veivedlikehald også rapporterer om fallvilt som dei handterer til kommunen, slik at det vert registrert i Hjorteviltregisteret.
- Samarbeide med vegmyndigheiter om tiltak på utsette strekningar, og redusere bestandstettleiken i område med store konflikter. Legge til rette for målretta jaktuttak i utsette område, f.eks rådyr på Ålgård.
- Redusere hjorteviltbestand i nedslagsfeltet til Storavatn for å avgrense påverknad på drikkevatn. Vurderer å fravike minstearealet i områder rundt Storavatnet, jamfør forskrift om forvaltning av hjortevilt § 7.

6.2.3 Kunnskapsbasert forvaltning

Delmål

Forvaltninga skal vere basert på best mogleg kunnskapsgrunnlag.

Vi vil finne ut meir om kva geografiske områder hjorten brukar gjennom året.

Tiltak

- Vi vil i tråd med forskrift om hjortevilt § 32 vurdere på pålegge valdleder, jegerne og/eller jaktrettshaverne å rapportere vekt, samt å registrere digitalt sett elg og sett hjort.
- Nytt data frå:
 - Sett hjort/elg
 - Overvåkingsprogrammet for hjortevilt
 - Slaktevekter
 - Registrerte påkøyningar
- Vurdere bestandsutvikling årleg på bakgrunn av tilgjengelege data
- Vi vil gå saman med nabokommunar og Rogaland Fylkeskommune om eit felles merkeprosjekt. Dette må avklarast med

6.2.4 Stabilisere bestandane og sikre berekraftig jaktuttak

Delmål

Bestandane av hjort, rådyr og elg skal stabiliserast på eit nivå som gir god kondisjon, stabil reproduksjon og avgrensa konflikter.

Tiltak

- Elg:

- Spare produksjonsdyr
- Kalv og ungdyr samla skal utgjere over 70 % av jaktuttaket
- Hjort:
 - Oppretthalde eit høgt jaktuttak på nivå med dei siste åra
 - Kalv skal utgjere minst 35 % av jaktuttaket
 - Kalv og ungdyr samla skal utgjere over 70 % av jaktuttaket
 - Tilpasse uttaket til lokale bestandsforhold
- Rådyr:
 - For å stogge bestandsveksten må jaktuttaket aukast og ein større del av uttaket må vere på geit samstundes som ein opprettheld ein høg del kje.

6.2.5 Auke andelen eldre hanndyr, samt auke gjennomsnittsalder til dyra i bestanden

Delmål

Bestandane skal ha ein høgare andel eldre hanndyr, ein høgare gjennomsnittsalder og ein større del produktive dyr.

Tiltak

- Ha ein høg del kalv og ungdyr i jaktuttaket
- Redusere vinterbestanden
- Prioritere avskyting som fremjar auka gjennomsnittsalder
- For hjort må ein
 - snu trenden for indeksen *Sett kolle per bukk* og få den stabilt under 1,3.
 - snu den aukande trenden for indeksen *Sett spissbukkk per bukk*.

6.2.7 Sikre sunne og friske bestandar i god kondisjon

Delmål

Bestandane skal ha god kondisjon, tilfredsstillande slaktevekter og god dyrevelferd.

Tiltak

- Redusere bestandstettleiken der det er behov
- Auke delen vaksne, produktive dyr i bestandane
- Følgje utvikling i:
 - slaktevekter
 - kondisjon
 - reproduksjon
- Gjennomføre årleg vurdering av bestandsutvikling og måloppnåing

6.2.8 Tildeling av fellingsløyve ved retta tildeling

Delmål

Tildeling av fellingsløyver skal bidra til å nå måla for bestandsutvikling.

Tiltak

- Hjort: Ved tildeling etter forskrift om forvaltning av hjortevilt § 18 tredje ledd skal en legge til grunn følgjande fordeling:
 - 40 % kalv
 - 30 % vaksne hodyr
 - 15 % spissbukk
 - 15 % vaksne hanndyr
- Elg: I planperioden skal produksjonsdyr spares. Det skal som hovedregel kun tildeles kalv.
- Informere valda om mål for avskyting ved tildeling
- Oppmode til uttak av unge dyr der ein får tildelt vaksne dyr